



# Manger Musikklag

## Årsmelding Manger Musikklag 2017-2018

I 2017 og starten av 2018 hadde MML disse dirigentane knytt til seg: Rune Hannisdal, Peter Szilvay, Bjørn Sagstad, Martin Winter, Thorgeir Thunestvedt og Allan Withington.

Våren 2017 inneheldt mellom anna innspeling av Joe Cook sin solo-CD, og MML sin eigne CD med julemusikk; December. Lydia Hoen Tjore var solist på nokre av låtane og Allan Withington var dirigent for MML ved desse høva.

Den 17. mai var det tradisjonen tru ei gruppe som spelte på Manger og heile korpset heldt konsert på Ole Bulls plass i Bergen. Thorgeir Thunestvedt dirigerte konserten.

Den 28.mai heldt MML konsert i Manger Kyrkje. Joar Hauge Spjeldnes spelte slagverk saman med MML på denne konserten, i samarbeid med MOT Lindås sitt draumeprojekt.

I juli reiste laget til Nederland for å forsvare tittelen i WMC frå 2013. Me gjentok suksessen med øvingsleir i Leeuwarden (2.-7.juli) mens Allan Withington arrangerte dirigentkurset sitt. Den 7.juli spelte laget konsert i Voorendaal saman med Fanfare St. Gabriëli. Konkurransen var frå 8.-9.juli i Rodahal Kerkrade. Laget kom på 4.plass. Måndag 10.juli spelte laget festkonsert saman med Carlton Main i Rodahal.

Sesongen 2017-2018 starta opp med oppstartsseminar på Fedje Barneskule ilag med Martin Winter 18.-20.august. Oppstarkonserten var i Manger Kyrkje 27.august. Der hadde vi med unge solistar frå Manger skulemusikklag; Åshild Aagaard-Nilsen, Nora Kolstad Morken, Nargiz Arzumova, Eline Storheim og Oscar Brattetaule.

Den 7.september spelte eit ensemble frå MML på MOT si eldsjelsamling i Trondheim.

Hausten heldt fram med den 14. BrassWind-festivalen. Han var arrangert over 3 dagar i Universitetet sin Aula i Bergen. Christian D. Larsen var festivalsjef. Dirigent for laget på konserten var Bjørn Sagstad. Styret takkar alle for innsatsen denne helga.

Siddis Brass blei arrangert laurdag 4.november i Stavanger Konserthus. Laget arrangerte Før-Siddis konsert i Radøyhallen veka før. Der framførte også Haukås Musikklag og Manger Skulemusikklag.

Den 18.november spelte laget festkonserten på Mangerfestivalen. Dirigent var Martin Winter.

2017 vart avslutta med julekonsert heime på Manger. Med oss hadde me songsolist Lydia Hoen Tjore og dirigent Allan Withington.

Til NM 2018 spelte laget *Raveling Unraveling* av Philip Sparke som sjølvvald, og pliktnummer var *Aubade* av Torstein Aagaard-Nilsen. Dirigent på NM var Peter S. Szilvay og laget kom på 2. plass. I oppkøyringa hadde me før-NM konsert på Skogen Sletta laurdag 3. februar, der gjestar var Fjell Brass, Radøy Brass og Manger Old Star Brass. Me deltok også på

Flesland Musikklag sin før-NM konsert i Ytrebygda kultursal onsdag 7. februar. I januar hadde laget også eit foredrag frå MOT av Sverre Ræder.

I februar og mars deltok laget i eit prosjekt i regi av NMF, Maestra. Tre unge kvinnelege dirigentar leia oppkøyinga til konsert i Korskirken 17.mars, under rettleiing av Bjørn Sagstad. Dirigentane var Guro Haugli, Karoline Torkildsen og Ingunn Marie Hagen.

Det har vore nokre dugnadsoppdrag i løpet av året og styret takkar alle deltakande for flott innsats.

## **Styret**

Etter årsmøte 28.mars 2017 hadde styret følgjande samansetning:

Styreleiar: Håvard Skutle

Styremedlem: Even Skulstad

Styremedlem: Marthe Storemark

Styremedlem: Martin Frantzen

Styremedlem: Astri Anne Svidal

Styremedlem: Birgitte B Bruget

1.varamedlem: Jostein Birknes

2.varamedlem: Margaret Antrobus

Styret har hatt stor aktivitet med kontakt per e-post og telefon og har hatt møte i gjennomsnitt ein gong i månaden. Styret har også kommunikasjon med andre utval via e-post og møter. Styret konstituerte seg på første styremøte etter valet den 28. mars, 2017.

## **Utval i Manger Musikklag**

Alle utval og medlemmar vert peikt ut av styret i MML.

Fleire medlemmer har også hatt lause og faste oppgåver og styret ynskjer å takka alle utval og alle medlemmer for innsatsen i året som er gått.

## **Medlemmar**

### **Permisjon 2017-2018**

Birthe Carlsen, Camilla S. Tveit, Ida S. Hjelmeland, Øystein Berentsen

### **Desse har slutta i MML**

Anne Britt Hermansen, Randi Holm, Joe Cook, Laura Conway, Kjetil Raknerud.

### **Nye medlemmer hausten 2017**

William Grøv Skamsett, Torstein Holmås, Sofie Øian, Erik Træland Hella, Fredrik Birknes, Kai Lindal, Dinaan Chabalala, Nick Walkley, Siri Aastad Kvaleid.

## **Vikarar**

Det har vore nytta vikarar på nokre av prosjekta. Styret takkar desse for innsatsen.

Kornett: Anne Britt Hermansen, Nick Walkley, Sissel H. Riise, Hogne Haugsdal, Thorgeir Thunestvedt, Viljar Bjørsvik Rath.

Trombone: Irene Graven, Gabriel Gjerpe, Astrid Låstad, Åshild Aagaard-Nilsen, Joàchim Nævdal

Tuba: Kristian Grotle, Sondre Ø. Undertun, Erlend Gjersvoll, Joe Cook, Martin Kinn

Horn: Ingvild Fagna

Slagverk: Nina-Mari Antrobus, Nataniel Hjønnvåg

## **Konsertar/aktivitetar (frå årsmøte 2017 – årsmøte 2018)**

20.-23.apr: CD-innspeling – dir. Allan Withington, solist Joe Cook, Lydia H Tjore

17.mai: Ensemble på Manger, Konsert Ole Bulls plass, dir. Thorgeir Thunestvedt

28.mai: Konsert Manger Kyrkje, dir. Rune Hannisdal

7.juli: Konsert med Fanfare St. Gabriëli, Voorendal, Nederland, dir. A. Withington

8.juli: WMC Rodahal Kerkrade, , pliktnummer, dir. Allan Withington

9.juli: WMC Rodahal Kerkrade, sjølvvald avd., dir. Allan Withington

10.juli: WMC Rodahal Kerkrade, Gala Concert, dir. Allan Withington

27.aug: Oppstartskonsert, Manger Kyrkje, dir. Martin Winter

7.sept: Ensemble på MOT-samling i Trondheim

29.sept: BrassWind, Universitetet sin Aula

30.sept: BrassWind, U. Aula, MML-konsert, dir. Bjørn Sagstad

1.okt: BrassWind Universitetet sin Aula

29.okt: Før-Siddis konsert, Radøyhallen, dir. Martin Winter

4.nov: Siddis, Stavanger Konserthus, dir. Martin Winter

18.nov: Festkonsert, Mangerfestivalen, dir. Martin Winter

17.des: Julekonserten, Manger Kyrkje, dir. Allan Withington

2018

3.feb: Før-NM konsert, Skogen Sletta, dir. Peter Szilvay

7.feb: Før-NM konsert, Ytrebygda kultursal, dir. Peter Szilvay

9.feb: NM Brass, Grieghallen, pliktnummer, dir. Peter Szilvay

10.feb: NM Brass, Grieghallen, sjølvvald, dir. Peter Szilvay

Styret takkar alle musikantar og dirigentar for innsatsen og engasjementet gjennom året. Styret vil også rette ein stor takk til støttemedlemmar, støttelaget og andre som gjer ein stor innsats for musikklaget.

Manger 18. mars 2016

Styreleiar: Håvard skutle,

Nestleiar: Marthe Storemark

Kasserar: Martin Frantzen

Skrivar: Astri Anne Svidal Dagestad

Styremedlem: Even Skulstad

Styremedlem: Birgitte Bjørnsdatter Bruget